

	Rapportnr.: 1/2002
Skjøtselsplan for Gjendebuområdet i Jotunheimen nasjonalpark	Dato: 25.01.2002
Forfattarar: Viveke Sahlgård og Dagfinn Claudius	Faggruppe: Naturforvaltning
Prosjektansvarleg: Dagfinn Claudius	Område: Jotunheimen nasjonalpark, Oppland
Finansiering: Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelingen	Antall sider: 17 s.+ vedlegg
Emneord: Skjøtselsplan, nasjonalpark, kulturlandskap, kulturminner, friluftsliv, turisthytte, avfallshandtering	ISSN-nummer: 0801-8367
Samandrag: Planen gjev bakgrunn når det gjeld naturtilhøve, historie og dagens bruk for Gjendebu-området som ligg i vestenden av innsjøen Gjende, 990 moh.	Gjendebu-området er eit av dei få områda med stor menneskeleg påverking som ligg inne i sjølve nasjonalparken. Langvarig menneskeleg påverking har ført til at Gjendebu-området må reknast som eit kulturlandskap. Kulturlandskapet vert i dag trua av attgroing samtidig som det store talet på fotturistar som besøker området krev spesiell tilrettelegging for å unngå at slitasje går ut over verneverdiane. Ut frå dette er det behov for ein plan for skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i området. Skjøtselsplanen bygger på hovudlinene i Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (rapport nr. 4-1998) som er godkjent av Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 1998
Utfordringane i Gjendebuområdet kan delast i to hovudkategoriar. Den eine er endring av kulturlandskapet og forfall av kulturminne som følge av at lauvskog og einer veks inn over den tidlegare kulturmarka. Den andre er påverking som følgjer av menneskeleg aktivitet knytt til friluftsliv og turisme. Forfall av kulturminne skjer og ved manglande vedlikehald til eksempel av bygningar som har tapt sin opprinnelige bruksverdi.	Planen konkluderer med 13 prioriterte tiltak for betre ivaretaking av verdiane i området. Det skal kvar haust lagast plan for gjennomføring og finansiering av prioriterte tiltak komande året.
Referanse: Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelingen 2002. Skjøtselsplan for Gjendebuområdet i Jotunheimen nasjonalpark. Rapport nr. 1/2002	

Føreord

Fylkesmannen i Oppland heldt synfaring i Gjendebuområdet saman med dei som representerer viktige interesser i området den 18. august 2000. Konklusjonen her vart at det skulle lagast ein enkel skjøtselsplan for området der mellom anna dei spørsmål som var oppe under synfaringa vert behandla.

Planen tek med relativt mykje bakgrunnstoff om området og er meir avgrensa når det gjeld dei handlingsretta delane. Når dette er gjort, er det fordi det vil vere behov for relativt hyppig rullering av tiltaksdelen medan bakgrunnsstoffet ligg meir fast og ikkje vil bli lagt mykje arbeid på seinare. Samstundes kan bakgrunnsdelen vere eit viktig utgangspunkt for arbeidet med informasjon om området. Spesielt på området kulturminner manglar likevel mykje på kunnskapssida. Derfor er det eit prioritert tiltak å skaffe meir kunnskap på dette området gjennom særskilte registeringar.

Utkast til skjøtselsplan vart utarbeidd av Viveke Sahlgaard på oppdrag frå og i samråd med fylkesmannen. Utkastet er vidare bearbeidd hjå fylkesmannens miljøvernavdeling før planforslaget vart sendt på høyring tidleg i desember 2001 med høyringsfrist til 14. januar 2002. Etter høyringa er det berre gjort små justeringar i plandokumentet.

Fylkesmanen takker for konstruktive bidrag til planen frå dei berørte partane i området.

Skjøtselsplanen er med dette godkjent av Fylkesmannen i Oppland.

Lillehammer, 25. januar 2002


Knut Korsæth

Innhold

Innleiing	4
Om Gjendebuområdet	4
Avgrensing og lokalisering	4
Natur	4
Historie	5
Dagens bruk av området	7
Formål, reglar og retningslinjer for Gjendebuområdet som del av Jotunheimen nasjonalpark	8
Formålet med vernet av Jotunheimen nasjonalpark	8
Vernereglane	9
Forvalningsplan for Jotunheimen nasjonalpark	10
Behov og utfordringar	11
Kulturmark	11
Kulturminne	11
Nyare bygningar og andre faste installasjonar	11
Landbruk	12
Friluftsliv og turisme	13
Forureining - avfallshandtering	13
Motorisert ferdsel	14
Informasjon	14
Mål for Gjendebuområdet	14
Prioriterte tiltak	16
Finansiering/gjennomføring	17
Litteratur	17

Innleiing

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart etablerte ved kongeleg resolusjon den 05.12.1980. Nasjonalparken omfattar eit 1145 km² stort område som i hovudsak består av naturlandskap som er lite påverka av menneskeleg aktivitet. Gjendebu er eit av dei få områda med stor menneskeleg påverking som ligg inne i sjølve nasjonalparken. Langvarig menneskeleg påverking har ført til at Gjendebu-området må reknast som eit kulturlandskap. Kulturlandskapet vert i dag trua av attgroing samtidig som det store talet på fotturistar som besøker området krev spesiell tilrettelegging for å unngå at slitasje går ut over verneverdiane. Ut frå dette er det behov for ein plan for skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i området. Skjøtselsplanen bygger på hovudlinene i Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde (rapport nr. 4-1998) som er godkjent av Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i juni 1998. Forvaltningsplanen og skjøtselsplanen er ikkje juridisk bindande, men trekker opp retningsliner for forvaltninga av verneområdet. Det er tidlegare lagd ein skjøtselplan for Utladalen landskapsvernområde (rapport nr. 5 – 1998 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane).

Om Gjendebuområdet

Avgrensing og lokalisering

Gjendebu-området ligg i vestenden av Gjendevatnet, 990 m.o.h.. Det er eit lite, men svært sentralt område av Jotunheimen nasjonalpark med stor ferdsel både sommar og vinter. Området er rikt på kulturminne i høve til andre stader i denne delen av Jotunheimen. Området ligg i Leir- og Bøverdal statsallmenning i Lom kommune mens sjølve vatnet Gjende høyrer til Vågå kommune. Gjendebu-området er i forvaltningsplanen definert som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Planområdet omfattar Gjendebu turisthytte med kringliggjande kulturlandskap (medrekna bryggja, dei to private hyttene ved Storådøla og fjellstyret si hytte/gjetarbu) og delar av området Vangane (sjå avgrensing på kartvedlegg).

Natur

Naturgeografisk ligg Gjendebu i fjellregionen (region 35d). Dei naturlege vekstvilkåra ved Gjendebu er spesielt gunstige i høve til andre område så høgt til fjells. Bergartane er mineralrike, det kjem rikeleg med sigevatn ned liene, og sørvestnordhellingsretning gjev god solinnstråling. Bilde teke i førre århundre viser at utbreiinga av lauvskog i området har ekspandert kraftig dei seinaste 20 - 30 åra. I dag går bjørkeskogen heilt opp til 1200 m.o.h. Dette er høgare enn dei fleste andre stader i Noreg. Skogen veksler mellom artsrik og frodig engskog og fattig blåbærskog. Det er stadvis store innslag av vegetasjonstypen høgstaudeeng. Over skogen er bratte hamrar og rasmarker. På grunn av dei kalkrike bergartane finn vi noko av den mest artsrike floraen i nasjonalparken her ved Gjendebu. Fleire skogsblomar har her si høgaste utbreiing i Noreg. Blant dei typiske låglandsartane finst mellom andre kanelrose, liljekonvall, tysbast, krattfiol og jordbær. Det rike mangfaldet av planter er påverka av at det tidlegare har vore beite og slått i området. Etter kvart som den gamle kulturmarka gror att, står fleire artar derfor i fare for å bli borte frå området.

Etter kvart som bjørkeskogen har vakse til, er det blitt vanleg at elg og rådyr streifar i området. Tamrein beiter sporadisk i her, og det er også funne spor etter hjort. Øra der Veslådøla renn inn i Gjende har stor verdi for fuglelivet, men skil seg elles ikkje vesentleg frå andre stader i fjellet når det gjeld artsrikdom.

Historie

Det finst ein rekke spor etter menneskeleg aktivitet i Gjendebu-området. Frå lang tid attende har området vore nytta til fangst og fiske. Det finst rikeleg med tufter knytt til jakt og fangst og dessutan spor etter buplassar frå 3000 år f. Kr. Fangstlivet i området rundt Gjende er for mange blitt gjort levande gjennom historier om Jo Gjende eller Jo Tjøstolvsson Kleppe, som ha eigentleg heitte. Kva for verdiar rettane i fjellet kan ha representert for bygdefolket kjem fram av historier om arvingar som heller ville ha fangst- og fiskerettane i fjellet framfor garden nede i bygda. Utallege er og historiene om strid mellom lomværar og vagværar om jakt- og fiskerettar i området.

Lange tradisjonar har og fedriftene i Storådalen og Veslådalen. Fekarar kjøpte opp kalvar vinterstid og på vårparten og gjekk med dyra i fjellet om sommaren. Utpå hausten vart dyra ført til byane på Austlandet og selt der. Fedrifter gjekk ofte i område med godt beite, men som låg så langt borte frå bygda at det ikkje var vanleg med seterdrift. Det har ikkje vore kontinuerleg fedrift i Gjendebu-området, men i 1988 vart tradisjonen teke opp att av Storådalen beitetal. Før det (i 1974) hadde området vore nytta som avsondra beite for fe med ringorminfeksjon.

Alt på 1700-talet skal det ha vore setrar i Gjendebu-området. Gardane Glimsdal og Hoft i Lom hadde fram til om lag 1850 setrar i Storådalen. Desse vart seinare flytta ned til Gjendebu.

I 1858 skriv Nicolai Ramm Østergaard i den første kjente teksten om ein fottur til Gjendebu at det er bygd ei ny seter i vestenden av Gjende: "... ein langaktig røs av uformelige kampestene... der hadde en umiskjennelig likhet med en bu". Dette steinselet står der framleis i dag og er heldt godt vedlike. Steinselet er kalla Gjendinebua etter Gjendine Slaalien som vart født her i 1872. Det var ei strabasiøs ferd å komme seg til setra frå gardane i Lom om våren. Gjendine Slaalien har fortalt at både folk og fe måtte gå over snø og skare i fjellet. Turen tok to dagar og folk og fe gjekk om natta og på morgonkvisten for at skaren skulle bære.

Den gryande interessa på attenhundretalet for urørt natur og romantiske førestillingar om seterlivet ført ein rekke norske og utanlandske forskarar, kunstnarar og eventyrarar til Jotunheimen. Blant nordmenn som tidleg fatta interesse for fjellverda finn vi botanikaren Christen Smith, medisinaren Christian P. B. Boeck og geologen Balthazar M. Keilhau. Blant pionerane høyrer og landmålararne Theodor Chr. Broch, Harald N.S Wergeland og Johan N. Hertzberg. Jotunheimen fascinerte også kunstnarar. Aasmund. O. Vinje gav fjellområdet namnet Jotunheimen og Henrik Ibsens "Peer Gynt" (1867) ført til at "Gjendineggen" vart berømt og raskt eit populært turmål. Ikkje minst galdt dette for mannen som er rekna som den viktigaste pioneren i utviklinga av fjellsport i Noreg, engelskmannen William Cecil Slingsby.

Det som gjorde det mogleg for desse vandrarpionérane å gå lengre, fleire dagars turar i Jotunheimen, var dei spreidde, enkle setersela som fanst i fjellet. Etter at Den Norske Turistforening var stifta i 1868, vart Jotunheimen raskt foreininga sitt viktigaste aktivitetsområde. Både kapasiteten og komforten på setrane var naturleg nok ikkje tilfredsstillande for dei besøkande. I løpet av 1870- og 1880-åra vart det derfor reist ei rekke turisthytter i området. Tvindehaugen ved Tyin var den første. Gjendebu var ein naturleg overnatningsstad i austenden av vatnet Gjende. Det gamle steinselet her hadde vore brukt som

losji frå 1850-talet, men nå trengtest det meir plass. I 1871 vart derfor Gjendebu turisthytte bygd som nummer to i rekka av turistforeiningshytter.

Ved utløpet av Memuruelva i Gjende låg ei gammal steinbu som turistforeininga kjøpte i 1870 og nytta som ubetjent hytte. Ved Leirvatnet bygde foreininga ei steinbu i 1875. Området ved Gjendeosen var sjølve knutepunktet for vandrarane sine vegar inn i dette området, og i 1878 sto Gjendesheim ferdig.

Kombinasjonen av seter og turistlosji førte med seg aktivitetar som elles ikkje vil vore naturleg på ein så pass vanskeleg tilgjengeleg plass som Gjendebu. I 1911 vart turisthytta for første gang heldt open om vinteren. Stølsfolket frakta brensel, proviant og utstyr inn med hest over Gjende i påsken. Hestane gjekk med trugar. For at hestane skulle ha fôr i påsken, vart det rydda ein setervoll på myrområdet vest for Gjendebu der ein kunne slå høy om hausten. Fôret vart lagra på setra vinteren over.

I fossen ovanfor seterkvea ved Storådøla kan ein framleis sjå restar etter ei kjøttkværn som vart drive av eit vasshjul i elva. Malt kjøtt vart hermetisert og lagt ned på glas eller boks for lagring. Avkjøling av ømtålige råvarer var eit problem om sommaren, og det er fortalt at breen oppe i Veslådalen vart nytta til å kjøle ned kjøtt i. Seinare vart det skore is frå Gjende for å bruke i eit ishus sommaren over. Ishuset som ein i dag kan sjå på Gjendebu, vart bygd i 1947 og var i bruk fram til 1975. Det vart og bygd ein jordkjellar for lagring av mat som ikkje tålte frost. Jordkjellaren er under restaurering. Gamle fotografiar viser at einer vart brukt til brensel. Annan ved måtte fraktast inn frå bygda. Ei turistbedrift treng god kommunikasjon med omverda, og i slutten av 1880-åra kom det postbod kvar veke om sommaren. Postboden gjekk ei rute frå Øye i Valdres, via Tyin og Eidsbugarden til Gjendebu. I 1922 vart det lagt opp telefonline inn til Gjendebu.

Det vart og prøvd med andre verksemder på Gjendebu. Då pelsprisane var spesielt gode tidleg på 1930-talet, vart det bygd ein revefarm. Revefarmen var truleg i bruk berre 3 år. For eit godt skinn kunne ein få ein pris tilsvarande ei månadsløn for anna arbeid. Tanken var å føre reven med småvilt og slakteavfall frå rein. Det vart tilsett ein jeger til å skyte vilt og føre revane, men verksemda vart ingen suksess. Den eine av dei to private hyttene på Gjendebu var den gongen innkvartering for jegeren. Den andre hytta vart nytta som turistlosji. I 1970 var det slutt på seterdrifta, og Gjendebu vart drive berre som turisthytte.

Erik og Anne Slaalien vart det første vertskapet på Gjendebu turisthytte. Dei dreiv turisthytta frå 1871 til 1876 då Ragnhild Sønsteness Haaven overtok. Frå 1901 til 1938 dreiv Rønnaug Repp Hoft turisthytta. Dottera hennar, Marie Hoft, overtok frå 1938 og dreiv fram til 1972. Marie Hoft var kjent som ei spesielt fargerik og gjestfri vertinne. Ho hadde heile 68 sesongar på Gjendebu. Etter 1973 har turisthytta vore drive av ekteparet Aase Vole Dalen og Håkon Dalen.

Båtskyss på Gjende har lange tradisjonar. Alt i Erik Slaaliens kontrakt med DNT frå 1871 står det at verten er forplikta til å skaffe dei reisande båtskyss (med robåt!) frå Gjendesheim til Gjendebu. Motorisert rutebåttrafikk på Gjende vart etablert alt i 1906, og i 1910 var det 2 avgangar dagleg til Gjendebu. Rutebåten blir drive av same familien no som då.

Dagens bruk av området

Friluftsliv

Slik Gjendebu ligg, i hjartet av Jotunheimen, er turisthytta eit populært mål for vandrarar. Gjendebu er eit godt utgangspunkt for mange av dei flottaste turane i Jotunheimen: Turar til Memurubu, Torfinnsbu, Eidsbugarden Svardalspiggen, Skogadalsbøen, Olavsbu, Leirvassbu, Spiterstulen m.m. Om sommaren må dei besökande gå til fots eller ta rutebåten. Om vinteren må dei gå på ski over vatnet eller inn gjennom Storådalen eller Veslådalen. Gjendebuområdet vert kvart år besøkt av grovt rekna 10.000 fotturistar, hovuddelen om sommaren. I nasjonalparken sett under eitt er andelen utanlandske turistar om lag 50 %, men talet er truleg lågare i Gjendebuområdet. Det er det tradisjonelle friluftslivet med vandring frå hytte til hytte som dominerer. Gjendebuområdet ligg lunt til og er derfor ein attraktiv plass å slå leir. Gjendebu turisthytte disponerer eit området mellom bryggja og turisthytta til teltplass. Vangane i elvedeltaet har ei naturleg utforming som egnar seg godt for telting, og ein del fjellvandrarar ligg i telt her utanfor teltforbodssona kring turisthytta.

Turisthytta og andre hytter

Etter at den første hytta på Gjendebu vart innvigd i 1871 har det gått føre seg ei stadig utviding av turisthytta. I åra 1957-68 skjedde ei stor utbygging etter teikningar av arkitekt Henrik Biong. Hytta vart modernisert og utvida i 1987, og det ligg føre planar om ytterlegare utviding. Gjendebu turisthytte har i dag 116 senger. Hytta er betjent i sommarhalvåret og i påsken. Det finst og ei sjølvbetjent hytte. Anlegget består av hovudhus, losjihus, peisestove, sanitærhus, uthus med dieselaggregat, fjøs, naust og dessutan fleire mindre bygningar. Det er fleire bygningar som ikkje lenger har nokon praktisk funksjon i dagens drift av turisthytta, men som har kulturhistorisk verdi. Eksempel på dette er steinselet, ishuset og steinfjøset.

Vest for turisthytta ligg det tre hytter. Den eine hytta ligg inne på den inngjerda tidlegare setervollen. Kvea vart nytta av Storådalen beitelag til samling av bufe om hausten. Den andre hytta ligg like ved bruva over Storådøla. Lom fjellstyre har saman med beitelaget nyleg bygd ei ny gjetarbu/oppsynsbu i det same området.

Bryggjer og naust

Det går rutebåt på strekninga Gjendesheim – Memurubu – Gjendebu. Det er i dag to faste bryggjer ved Gjendebu. Den gamle bryggja vart bygd omlag 1906 og ligg ca 600 m aust for turisthytta. Ho vart nytta fram til 1998 då det vart for grunt til å bruke båt her på grunn av den stadige sedimentasjonen utanfor elvedeltaet i vestenden av Gjende. I 1998 vart det derfor bygd ei ny brygge til rutebåten litt lengre aust. Turisthytta har i tillegg ei lita flytebryggje ved eit tidlegare ankringspunkt.

Naustet til turisthytta er ikkje i bruk som naust lenger då vatnet på denne plassen er blitt for grunt til at det kan settast ut båt herfrå etter raset i Storådøla i 1999, då store mengder grus var skylla ut og sedimentert i Gjende. Aust for turisthytta ligg det eit lågt, lite naust. Naustet er bygd ca 1930 og er i god stand.

Landbruk

Det er i dag ikkje seterdrift på Gjendebu, men området har i lang tid vore nytta til sommarbeite for bufe. Kvar sommar fraktar beitelaget omlag 100 ungdyr og kalvar inn til Gjendebu med båten "MS Ku og Kalv". Den nye bryggja vert nytta ved iland- og ombordføring av dyra. Sommaren over ligg båten fortøygd ved Gjendebu. Dyra beitar på

området rundt Gjendetunga, Veslådalen og Storådalen. Ved sankinga om hausten vert den gamle kvea nytta. Lom fjellstyre har saman med Storådalen beiteland nyleg bygd ei ny gjeterbu/oppstysnbu i inne på denne kvea. Ved bruva over Storådøla ligg det lagra ledegjerder som er i bruk når bufe skal drivast over elva. På nordsida av Gjendetunga mot Storådalen er det oppført eit elektrisk gjerde for å hindre bufe i å springe utfor. I Veslådalen og på austsida av Storådalen er det oppført festengsel av tre. Til tider beiter tamrein tilhøyrande Lom tamreinlag i området.

Jakt og fiske

Frå lang tid attende har området rundt Gjendebu vore nytta til fangst og fiske. Særleg i området rundt turisthytta finst det mange spor etter steinbuer som har vore nytta i til dette føremålet. I dag vert det drive jakt på elg og småvilt ved Gjende. Småviltjakta vert administrert av fjellstyra og elgjakt av Statsskog. Sjølve vatnet ligg i Vågå kommune, og fiskerettane i Gjende ligg primært til innbyggjarane i Vågå. Utanbygdsbuande kan fiske med handsnøre frå land.

Formål, reglar og retningsliner for Gjendebuområdet som del av Jotunheimen nasjonalpark

Formålet med vernet av Jotunheimen nasjonalpark

Verneforskrifta slår fast formålet med vernet og er det juridiske grunnlaget for kva som kan tillatast i verneområdet. Praktiseringa av forskrifta vil variere etter kva for sone det enkelte området fell inn under.

I verneforskrifta står følgjande:

"Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forsking."

Verneforskrifta nemner ikkje tilhøvet til kulturminner, men dette er omtalt i naturvernlova (der verneforskrifta er heimla). I naturvernlovas §3 heiter det:

"...I nasjonalparken skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep."

Ved ein framtidig revisjon av verneforskrifta er det aktuelt med ei endring slik at vern av kulturminne blir ein del av formålet, og at vernereglane gjev kulturminne og kulturmiljø i nasjonalparken eit meir direkte vern mot øydelegging.

Gjennom kulturminnelova er alle kulturminne eldre enn år 1537 automatisk freda.

Vernereglane

Nedanfor er eit utdrag av vernereglane som er særleg aktuelle for Gjendebuområdet:

Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag (punkt IV 1). Herunder er nemnt vegbygging, oppføring, utviding og ombygging av bygningar og anlegg av alle slag. Følgjande unntak er nemnt:

- Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til utviding eller ombygging av eksisterande turisthytter og til bygging av innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken (punkt 1.1.)
- Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til oppføring av fjellstyrehytter og naust i medhald av fjellovas § 35 (punkt 1.3.1.).
- Dersom omsynet til naturtilhøva, reindrift, beitedyr eller liknande tilseier det, kan forvalningsstyresmakta syte for at opparbeida turistruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde (punkt 1.4.).
- Eksisterande hytter, buer og naust i privat eige kan vedlikehaldast, men ikkje utvidast (punkt 1.5.)

Plantelivet, herunder levande og døde trær og busker, er freda mot skade og øydelegging av alle slag med unntak av slikt som kjem av vanleg ferdsel, reindrift, jakt, fangst, fiske og utøving av bruksrett. Det er tillate å ta turre kvistar og nedfalle virke til brensel på staden. Uttak av trevirke til brensel for hyttene i nasjonalparken kan skje etter utvising frå forvalningsstyresmakta (punkt 2.1.). Beite er tillate. Forvalningsstyresmakta kan gi løyve til kultivering av beiteområde (punkt 2.3.).

Dyrelivet er freda mot skade, øydelegging og forstyrring med nokre unntak (punkt 3.)

All slags **forureining** og forsøpling av naturen er forbode. Unnateke er utslipp godkjent av forureiningsstyresmaktene i medhald av forureiningslova (punkt 4.1.). Det må ikkje nyttast kjemiske plantevernmiddel eller middel som kan verke inn på dei naturlege tilhøva (punkt 4.2.).

Etter verneforskrifta kan **landbruk** drivast innanfor visse rammer i nasjonalparken (pkt. III). Beite er tillate, og det kan gjevast løyve til kultivering av beiteområde (pkt. IV 2.3).

Statsallmenningane blir forvalta etter fjellova av 6.juni 1975 nr. 31, og **bruksrettar og allmenningsrettar** kan utøvast i den grad dei ikkje kjem i strid med vernereglane for nasjonalparken. **Vedhogst** til brensel i kraft av gamle bruksrettar er tillate etter utvising frå forvalningsstyresmakta (punkt IV 7). Det kan også takast trevirke til brensel til hyttene i nasjonalparken etter utvising frå forvalningsstyresmakta (IV 2.1).

Motorisert ferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unntake til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvalnings- og politiformål (punkt 5.2.). Forbodet gjeld elles ikkje bruk av båt med motor inntil 6 hk på Gjende i samband med bruksrett (5.2.1.) og i samband med transport og tilsyn med beitedyr og oppsyn og fiskekultur drive av fjellstyrta (5.2.2.). Forvalningsstyresmakta kan gje løyve (5.3) til motorferdsel på vinterføre og på veg om sommaren ved:

- Kjøring i samband med bufe- og tamreindrift, anna landbruksdrift, utøving av bruksrett og fiskekultivering

- Transport av materialer til hytter, klopper, bruer og liknande og av brensel, proviant og utstyr til hyttene
- Kjøring i andre naudsynte høve der særlege grunnar ligg føre.

Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark

Forvaltningsplanen (sjå s. 4 Innleiing) deler nasjonalparken inn i soner med eigne strategiar og retningsliner for å fremme verneformålet. Vern av naturmiljøet (landskap og biologisk mangfald) er likevel overordna for alle sonene, og verneforskriftene er dei same for heile området. Det er praktiseringa av verneforskrifta som vil variere mellom dei ulike sonene. Området rundt Gjendebu er eitt av tre mindre område innanfor nasjonalparken som er peika ut som sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. Her heiter det:

"Utanom mindre justeringar/endringar skal det som hovudregel ikkje koma nye tiltak som vegar, bygverk og kapasitetsauke ved hyttene. Forvaltingsstyresmakta vil ta initiativ til å få reparert tidlegare inngrep som ikkje er i samsvar med verneformålet. Det skal ikkje takast masse til vedlikehald av vegar inne i verneområdet."

Som andre stader i nasjonalparken er den overordna strategien her å sikre urørt natur, ro og fred. Naturkvalitetane i området skal haldast ved like eller betrast.

Om landbruket i nasjonalparken seier forvaltningsplanen mellom anna at det som dei seinare åra har vore utøvd etter at setringa vart nedlagt, er beite med bufe. I Veodalen og Storådalen/Veslådalen er det i dag organiserte fedrifter. Sau beiter over relativt store område, særleg i Russdal-området, Gjende-området og i Utladal-området ved Guridalen. I samband med fedriftene kan det koma ønskje om bygging av anlegg som gjerde, bruer og klopper. Slike konstruksjonar vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Vurderinga vil m.a. hengje saman med kor urørt området er og i kva for sone det ligg og om det tidlegare har vore konstruksjonar på staden. Planen gjev slike retningsliner for landbruket:

"Landbruksstiltak som fremjar verneformålet, m.a. ivaretaking av kulturlandskapet, vil få positiv handsaming. Nye konstruksjonar i samband med landbruksdrift vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Løyve til nye byggverk i område der det ikke er slike frå før vil som hovudregel ikke bli gjeve."

I forvaltningsplanen heiter det om kulturminne og kulturlandskap at ein skal:

"Ta vare på verdfulle kulturminne og verdfullt kulturlandskap og bygningsmiljø i verneområda. Uheldige/skjemmande inngrep skal vurderast om dei skal repareras eller om det beste er å la naturen gå sin gang."


Forvaltningsplanen nemner stadsforståing som ein viktig tilnærningsmåte. Stadsforståing vil seie å prøve å sjå heilskapen og i kva for samanheng eit kulturminne inngår. Vern av kulturminne i nasjonalparkar og landskapsvernområde står i ei særstilling fordi ein her lettare enn elles kan ta vare på heile kulturmiljøet som kulturminna inngår i. I og med at områda er verna mot nye fysiske inngrep, vil dei kunne framstå som referanseområde også når det gjeld kulturhistoria. Sikring av kulturminne og kulturlandskap er derfor ein viktig oppgåve i forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark.

I følgje forvaltningsplanen skal det som hovudregel ikkje oppførast nye bygg eller skje utviding av eksisterande bygg. Vedlikehald, utviding og eventuelle nybygg skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil.

Behov og utfordringar

Kulturmark

Skoggrensa i Gjendebuområdet kryp langsamt oppover dels på grunn av klimaendring og dels på grunn av minska beitetrykk. Skogen breier seg og ved attgroatning innover tidlegare open kulturmark. I dag går det føre seg eit visst husdyrbeite i området om sommaren, men dette er ikkje nok til å halde skogen attende. Dyra beiter dessutan i området Vangane/Veslådalen og ikkje ved den tidlegare setra.



Attgroatning av kulturbetinga tidlegare open mark. På bildet er det merka med stipla line om lag kor skogkanten mot det opne arealet kring Gjendebu gjekk på 1960-talet (avgrensa ut frå flybilde). Med heiltruckken line er vist kor grensa for lauvskogen i grove trekk går i dag

Kulturminne

Attgroatninga gjer og at det karakteristiske seterlandskapet forsvinn og at kulturminne og spor etter tidlegare aktivitet i området blir øydelagt eller blir borte. Forfall av kulturminne skjer og ved manglande vedlikehald til eksempel av bygningar som har tapt sin opphavlege bruksverdi.

I samband med løyvet til bygging av ny bryggje i 1988 vart det sett vilkår om riving av den gamle bryggja. Då ein seinare har kome til at den gamle bryggja har kulturhistorisk verdi, er det lagt opp til å sjå på kva som skal skje med bryggja gjennom arbeidet med skjøtselsplanen.


Nyare bygningar og andre faste installasjoner

Den Norske Turistforening har tidlegare søkt om løyve til å utvide Gjendebu turisthytte med eit nytt sovehus, men foreininga vil vente å sjå på verknaden av endringane i båtruta frå 2002 før saka eventuelt vert fremma på nytt.

Det er og planar om å bygge inn dieseltanken ved aggregathuset. Dieseltanken er skjemmande slik tilhøva er i dag og eit bygg til dette føremålet vil vere eit positivt tiltak.

Det vesle naustet er i god stand, men det bør vurderast å skifte taket som er av bølgjeblakk. Det opphavlege taket var av spon.

Sjølv om bryggjetilhøva ved Gjendebu er problematiske på grunn av at det er blitt så grunt, er det ikkje ønskeleg å bygge fleire bryggjer. I tillegg til den nye bryggja som rutebåten nyttar, har turisthytta behov for 2-3 plassar til småbåtar og bør kunne nytte vestsida av den gamle bryggja. Den provisoriske flytebryggja er det ikkje lenger bruk for og ho bør fjernast. "MS Ku og Kalv" ligg fortøygd ved Gjendebu sommaren over og bør kunne ligge på austsida av den gamle bryggja.



Gamlebryggja

Landbruk

I samband med fedrifta på Gjendebu er det behov for å fortøye fraktebåten "MS Ku og Kalv" sommaren over. Sjå omtale ovanfor.

Det er gjeve løyve til å bygge to festengsler i området, eitt i Storådalen og eitt i Veslådalen. Etter forvaltningsplanen skal slike stengsler vere minst muleg skjemmande i terrenget. Dei skal byggast av naturvennlege materialar og ha ein tradisjonell utforming. Vidare skal dei haldast godt vedlike når dei er i bruk og fjernast når bruk ikkje lenger er aktuelt. Det er eit vilkår at gjerdene ikkje stenger for allminneleg ferdsel. Gjerdet rundt kvea kan stå så lengje kvea er i bruk.

Beitelaget vurderer å søkje om forlenging av strømgjerdet (mot Gjendetunga). Gammalt trådgjerde i det same området bør fjernast.

Friluftsliv og turisme

Det store talet på turistar gjev slitasje og krav om fasilitetar som og kan føre med seg uønska påverking av miljøet. For å hindre skader på verneverdiane må tilrettelegginga i området gjerast varsamt. Talet på besökande vil mellom anna vere avhengig av kapasitet og opplegg for rutebåten.

Mange fotturistar ønskjer å telte i fjellheimen. I området mellom turisthytta og bryggja er det tilrettelagt for bruk av telt, og gjestene her kan bruke fasilitetar på turisthytta. Det er sett opp søppelbøtte og kasser for tomflasker. Kring turisthytta er det elles ikkje lov å telte i ein avstand på 500 m, og dette er varsle med skilt. Den delen av vangane som ligg utanfor denne sona har ei naturleg utforming som gjer området attraktivt for telting. Her er det tilrettelagt med ein enkel form for latrine. Tidlegare har det vore noko tilgrising langs stiane i området. Dette vart betre då det vart rydda litt i skog og kratt langs stiane. Det bør vurderast om det er behov for noko meir slik rydding.

Forureining - avfallshandtering

Regelen er at det er den enkelte sitt ansvar å ta med seg sitt eige søppel ut av området. På veggen frå Gjendebu turisthytte til bryggja er det likevel sett opp søppelkasse og kasse for tomflasker for å hindre at søppel blir lagt att i naturen. Systemet fungerer bra. På turisthytta blir matavfallet kompostert i eige anlegg som fungerer godt. Behandlinga av restavfallet er ikkje så tilfredsstillande. Fram til nå har dette vore brent i ein stor haug ved fjøset. Brukarane av dei private hyttene frakter sjølv ut søpla frå området.



Varmkompostering av matavfall

Det er behov for opprydding på soppelforbrenningplassen ved turisthytta. Lom kommune har reglar for behandling av restavfall på turisthyttene som må følgjast. Det er også behov for opprydding andre stader. Restane av betong og gjerdennetting etter revet farmen inne på kvea bør tildekkast og jernskinnene som ligg under den nye bruva over Storådøla må fjernast. Vidare bør restane etter bruva over Veslådøla (stien til Svartdalens) og provisorisk tilrettelegging knytt til stien over øra fjernast. Ei ny bru bør byggast høgare opp i Veslådalen på ein stad der bruva ikke blir utsett for vatn- og istrøkk. Samtidig vil fuglelivet på øra bli mindre forstyrra av vandraran.

Bruk av diesellaggregat til drift av turisthytta medfører forureining, støy og motorisert transport av diesel. Bruk av diesel medfører eit stort transportbehov ved at dieselen først må fraktast i tønner med båten og vidare med traktor fram til turisthytta. Her vert den fylt over på tank, noko som gjev stor fare for sør og lokal forureining av diesel i grunnen. Når anlegget er i drift, medfører det støy og ubehageleg lukt og lokal luftforureining. I forvaltningsplanen heiter det at når tilhøva ligg til rette for bruk av minikraftverk, bør dette vurderast. Gjendebu er eitt av desse områda der minikraftverk kan vere aktuelt.

Motorisert ferdsel

Motorisert ferdsel er i hovudsak forbode i verneområdet med unntak av naudtenester (ambulanse, brann, politi osv.) og forvaltning/oppsyn. Løyve til motorferdsel i samband med landbruksdrift og transport av materialar, proviant, brensel og anna utstyr til hyttene kan gjevast.

Ut ifrå verneformålet er det viktig å ha så lite motorisert ferdsel som mogleg. På Gjendebu vil det likevel vere behov for frakt frå bryggja til turisthytta og dei tre andre hyttene. Frakta går vesentleg føre seg sommarstid over korte avstandar og på opparbeidd traktorveg. Noko frakt vil og måtte skje vinterstid med snøscooter. Det vil og vere behov for å slå setervollen med maskin.

I oppfølginga av forvaltningsplanen har ruteopplegget for rutebåten på Gjende vore til vurdering. 2002 vert prøveår for eit opplegg med færre avgangar til og frå Gjendebu. Erfaringane med dette vil bli trekta inn når forvaltningsstyresmaktene skal ta stilling til om endringane skal gjerast permanente.


Informasjon

Informasjon er eit viktig verkemiddel for at besökande i Gjendebuområdet skal få glede av verdiane i området samtidig som desse ikkje vert forringa. Det vil vere behov for enkel, diskré skilting knytt til stiar og ulike fasilitetar (telting, søppel m.m.). Samtidig kan det vere ønskeleg med ein meir heilskapleg informasjon om tilbod og restriksjonar i området (stiar/løyper, kulturminner, natur, verneregler, fasilitetar m.m.). Informasjonen bør vere både på norsk og engelsk.

Mål for Gjendebuområdet

Tiltak skal gjerast for å avgrense attgroing med lauvskog og einer. Omfang og metodar knytt til skjøtsel skal balansere tilhøvet mellom kulturlandskap og naturlandskap - og vere på eit nivå som er realistisk å gjennomføre over tid. Ved skjøtsel av eit kulturlandskap vil det ofte vere snakk om å føre tilstanden attende til ei bestemt tid. Bilde teke i Gjendebuområdet tidleg i førre århundre viser eit ope beitelandskap med særslig lite vegetasjon. Eit så opent kulturlandskap er det korkje ønskjeleg eller realistisk å gjenskape.

Målet er å oppretthalde eit landskap som bærer tydeleg preg av beite og tidlegare seterdrift og der dei enkelte elementa (bygningar, vegar, setervoll, gjerder m.m.) inngår i eit heilskapleg kulturmiljø. Situasjonen rundt 1975 bør danne utgangspunkt for dette. Attgroinga hadde då nettopp starta etter at seterdrifta var slutt i 1970. Det bør leggjast vekt på finne eit naturleg "attgroingspreg" for å unngå at området får preg av å vere ein pleia park.



Fylkesmannen og fjellstyreformannen ved det gamle seterfjøset. I bakgrunnen lauvskogen som kryp stadig lengre inn i den tidlegare opne marka kring Gjendebu

Nesten heile området frå bryggja til Storådøla hører til den gamle setra. Det bør derfor ryddast så opent at hovudinngangskontrakten, når ein kjem inn frå stiane i Storådalen, Veslådalen, frå Bukkelegeret eller med båten frå vatnet, er at dette er eitt samanhengande kulturmiljø. Ein bør legge vekt på at bygningar, tun, setervollar og gamle ferdselsvegar blir knytt naturleg saman utan at området vert heilt snaua for vegetasjon.

Den gamle setervollen skal ryddast for lauvskog og pleiest med slått slik at den rike engkulturen vert oppretthalde, og dei steinsette grøftene blir synlege. Det vil truleg vere nok å slå enga anna kvart år. Dei andre områda bør ryddast slik at grasbakken blir synleg att mellom einerkrott og bjørkekjerr. Området på Vangane har ikkje same seterpreg, og her bør det berre skje ei mindre rydding langs stiane. Virket som vert teke ut kan nyttast som brensel til hyttene i området.

For kulturminna er målet at dei skal takast vare på enten ved restaurering eller rydding for å fjerne øydeleggande vegetasjon.

Kulturminna i området må i første omgang registrerast, og ein må ta stilling til korleis dei mest verdifulle og trua kulturminna kan restaurerast eller vedlikehaldast. Enkelte objekt skil seg ut alt nå. Det gjeld mellom anna Gjendinebua, jordkjellaren, det gamle steinfjøset frå 1886, ishuset, den gamle bryggja og setervegen mellom steinfjøset og setervollen. For alle kulturminna bør det lagast ein plan for restaurerings- og vedlikehaldsarbeid basert på opplysninga frå registreringa. Det kan vere aktuelt å lage informasjonstavler eller gje informasjon på andre måtar som kan gjere dei kulturhistoriske verdiane i området meir tilgjengelege for ålmenta.

Tilrettelegging for friluftslivet vil først og fremst vere knytt til løysingar eigna til å redusere slitasje og uheldig påverking som følgje av stor ferdsel i området. Aktuelle tiltak kan vere krattrydding langs stiar, enkel skilting, klopplegging, tilrettelegging for telting, tiltak for å unngå forsøpling m.m.

Prioriterte tiltak

Nedanfor følgjer ei liste over prioriterte tiltak med framlegg til kven som skal vere ansvarleg for gjennomføringa:

1. Registrere kulturminne/kulturmiljø i Gjendebuområdet og lage plan for restaurering og vedlikehald av dei mest verdifulle og trua kulturminna.
Ansvarleg: Fylkeskonservatoren i Oppland
2. Rydde tunområdet ved turisthytta, teltplassar, strandsone og den gamle setervegen frå steinfjøset til myra ovanfor turisthytta. Arbeidet med å fjerne trær og busker er starta opp sommaren 2001.
Ansvarleg: DNT-OA/dugnadssgruppe
3. Vurdere restaurering av jordkjellar, ishus og steinfjøs som tilhører turisthytta. Arbeidet med restaurering av jordkjellaren er igangsett sommaren 2001.
Ansvarleg: DNT-OA i samråd med fylkeskonservatoren i Oppland
4. Flytte båtplassar knytt til drifta av turisthytta til den gamle bryggja og fjerne den provisoriske flytebryggja.
Ansvarleg: DNT-OA/Bestyraren for Gjendebu
5. Organisere vedlikehald av gammal-bryggja
Ansvarleg: DNT-OA i samråd med Lom fjellstyre, Storådalen beitelag
6. Leggje om stien til Svardalen og fjerne restane etter den gamle bruа over Veslådøla. Rydde bort restar etter provisoriske kloppar på øra. Fjerne jernskinner i Storådøla.
Ansvarleg: DNT-OA
7. Vurdere overgang frå dieselaaggregat til minikraftverk.
Ansvarleg: DNT-OA i samråd med Fylkesmannen i Oppland og andre involverte partar
8. Trekkje inn fagekspertise for å få vurdert rett skjøtsel av den gamle innmarka i Gjendebuområdet.
Ansvarleg: Fylkesmannen i Oppland
9. Rydding og slått av den gamle setervollen. Dekke til betong- og nettingrestane etter revefarmen som ligg ved setervollen. Arbeidet med å fjerne trær og busker er starta opp sommaren 2001.
Ansvarleg: Storådalen beitelag i samarbeid med Håvard Holm (hytteeigar)
10. Rydde etter tidlegare avfallsbrenning ved turisthytta. Syte for forsvarleg handtering av alt restavfall.
Ansvarleg: Bestyraren for Gjendebu/Lom kommune, teknisk etat
11. Opprydding knytt til slamavskillar og aggregathus er nødvendig. Bygningsmessige forbetingar bør vurderast, likedan å gjerde inn området
Ansvarleg: DNT-OA/Bestyraren for Gjendebu

12. Fornye/forbetre skilt om campingforbod innanfor 500m-sonen ved turisthytta.
Ansvarleg: Statskog (grunneigar)
13. Vurdere behov for og stå for produksjon av ulike typar informasjon knytt til Gjendebu.
Syte for at enkel skriftleg informasjon om verdfullt natur- og kulturmiljø, vernereglar, telting, handtering av søppel og anna vert produsert.
Ansvarleg: Statens naturoppsyn i samarbeid med fylkesmannen og dei andre aktørane i området

Finansiering/gjennomføring

Det bør kvar haust lagast plan for gjennomføring av prioriterte tiltak komande året. Finansiering med utgangspunkt i pengar over statsbudsjettet til tiltak i nasjonalparkar bør vurderast i samanheng med aktuelle tilskot og annan finansiering eller dugnadsinnsats frå dei som er sett som ansvarlege for tiltaka. Fylkesmannen i Oppland er ansvarleg for initiativ til drøfting og utarbeiding av slik handlings- og finansieringsplan. Første gang dette skal gjerast blir hausten 2002, men det er eit mål å få avsett pengar til å starte med prioriterte tiltak sommaren 2002.

Litteratur

- 1) R. Bistrup, O. Bø, L. Ekre m. Fl.: Jotunheimen. Grøndahl og Søn Forlag 1981
- 2) Den Norske Turistforening: Til fots i fjellet. 1986.
- 3) Direktoratet for naturforvaltning: Forvaltning av nasjonalparkar. 1996.
- 4) L. Ryvarden: Norges nasjonalparker. Universitetsforlaget 1991.
- 5) Knut A. Nilsen: Gjendebu gjennom 100 år
- 6) Pål V. Schage og Ulf Hansen: Fjell og Vidde nr.4/2001
- 7) Claus Helberg: Den røde T-en viser vei. Norges Fjellverden. Forlaget Det Beste 1980